

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 09.02.2019

Arkivk.: styret/møter/protokoll/17-19

<b>PROTOKOLL TIL MØTE NR. 07 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019</b>
--------------------------------------------------------------

**Stad:** Åre, Trillevallen Hotell

**Tidspunkt:** Laurdag 09. februar 2019, kl. 09.00-10.00

**REFERATSAKER**

**SAK 98 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**SAK 99 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 06 17-19 frå Skikrinsstyret**

**SAK 100 17-19 SFSK TRK protokoll nr. 01 17-19**

**RAPPORTERING**

**SAK 101 17-19 Rekneskap 2018**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 102 17-19 Revidert budsjett 2019**

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 103 17-19 Skikrinstinget 2019**

**SAK 104 17-19 Status markedsarbeid**

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Henning Sæthre og Ingrid Narum (adm.)

**FORFALL:** Oddmund Lefdal, Sjur Håvard Øygard

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 98 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 99 17-19**

**Godkjenning av protokoll nr. 06 17-19 frå Skikrinsstyret**

**Bakgrunn**

Protokoll frå styremøte nr. 06 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 06 17-19.

**SAK 100 17-19**

**SFSK TRK protokoll nr. 01 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i telemark-/ randoneekomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**RAPPORTERING**

**SAK 101 17-19**

**Rekneskap 2018**

**Bakgrunn**

Rekneskapen for 2018 er vedlagt.

Nøkkeltal 2018:

**Avsetning 2018 til 2019**

\*) Arbeidsutvalet (AU) / Utedagen kr. 100 000,-

\*\*\*) Arbeidsutvalet (AU) kr. 50 000,-

**Driftsinntekter samla** kr. 3 219 779,-

**Driftskostnader samla** kr. 3 023 361,-

**Resultat samla for skikrinsen:** kr. 196 418,-

Resultat Arbeidsutvalet kr. 88 929,-

Resultat Alpinkomiteen **kr. - 55 083,-**

Resultat Hopp- og kombinertkomiteen kr. 29 865,-

Resultat Langrennskomiteen kr. 132 707,-

**Total EK pr. 31.12.2018:** kr. 1 360 587,-

- AU EK pr. 31.12.2018: kr. 584 398,-

- Alpinkomiteen EK pr. 31.12.2018: kr. 224 112,-

- Hopp- og komb. komiteen EK pr. 31.12.2018: kr. 149 958,-

- Langrennskomiteen EK pr. 31.12.2018: kr. 402 119,-

\*) AU: Kr. 100 000,- i tilskot til prosjektet Utedagen, utbetalt av fylkeskommunen desember 2018, settast av til drift av prosjektet vinteren 2019.

\*\*) AU: Kr. 50 000,- i tilskot frå NSF Utviklingsavdelinga til skikretsar for gjennomføring av felles Regionale kurshaldarsamlingar i 2019. Tilskotet skal delast på Sogn og Fjordane/Hordaland/Møre og Romsdal.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2018, og med avsetningar til 2019.

I tillegg gjer Skikrinsstyret vedtak om å sette av tilskotet på kr. 12 651,- i post 3-midlar på AU/ Utdanning til same post i 2019.

### **DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

#### **SAK 102 17-19 Revidert budsjett 2019**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 92 17-19 om at budsjettet for 2019 skulle reviderast 1. kvartal 2019.

Framlegg til reviderte rammer for budsjett for 2019 er lagt ved som eige vedlegg.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret vedtek reviderte rammer for budsjettet 2019.

### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 103 17-19 Skikrinstinget 2019**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret gjorde vedtak i sak 91 17-19 om at Skikrinstinget 2019 skal haldast laurdag 25. mai 2019 på Skei, Thon Jølster Hotell.

Adm. og styreleiar orienterer i møtet om status i planlegging av Skikrinsstinget 2019.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

I tillegg gjer Skikrinsstyret vedtak om å ikkje trykke opp tingdokument i papirform, men berre nytte elektronisk versjon.

#### **SAK 104 17-19 Status markedsarbeid**

##### **Bakgrunn**

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

<b>Verksemd</b>	<b>Grein</b>	<b>Går ut</b>	<b>Status</b>
Fylkeskommunen	AU/Utedagen		Prosesen er slutført for tilskot i 2019.
AVIS Bilutleige	AU	2021	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (går ut 30.06.2021).
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2020	Avtale går til t.o.m. 2020.
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2021	Ny avtale er reforhandla for tre nye år (går ut 31.05.2021).
SFE	Hopp/ langrenn	2019	Avtalen går ut 30.04.2019. Reforhandlast 14.02.2019.
COOP Nordvest SA	Alpint	2020	Ny avtale er reforhandla for to nye år (t.o.m. 2020).

Fjord1	Alpint	2021	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2021).
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2021).
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Ny samarbeidspart. Avtale går til 31.08.2021.
Intersport Sogndal	Alpint	2019	Ny samarbeidspart. Avtale går ut 01.06.2019 med opsjon om to nye år (til 2021).

I sak 73 17-19 vart gjort følgjande ansvarsdeling av Skikrinsstyret:

- 1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
- 2) Ny samarbeidsavtale alpint, ansv.: AK + Adm.
- 3) Fjord1, ansv.: Atle H. og adm.
- 4) Coop Vest SA, ansv.: Tonje T. + adm.
- 5) AVIS Bilutleige, ansv.: Adm.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef

**Vedlegg SAK 98 17-19 Godkjenning av protokoll nr. 06 17-19 frå Skikrinsstyret**

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 04.12.2018

Arkivk.: styret/møter/innkalling/17-19

**PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotell

**Tidspunkt:** Måndag 03. desember 2018, kl. 17.00-21.00

**RAMMEPROGRAM, MÅNDAG 03. DESEMBER 2018**

Program	Tidspunkt	Saker
Innleiing ved Skistyremedlem Andrea Bell Pedersen	Kl. 17.00-17.15	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 17.15-18.00	Sak 80-88
Middag, juletallerken	Kl. 18.00-18.45	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 18.45-21.00	Sak 89-97

**REFERATSAKER**

**SAK 80 17-19** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 81 17-19** Godkjenning av protokoll nr. 05 17-19 frå Skikrinsstyret  
**SAK 82 17-19** SFSK AK protokoll nr. 05 17-19  
**SAK 83 17-19** SFSK AK referat Haustmøtet 2018  
**SAK 84 17-19** SFSK LK protokoll nr. 04 17-19  
**SAK 85 17-19** SFSK LK referat Haustmøtet 2018  
**SAK 86 17-19** SFSK HKK protokoll nr. 04 17-19  
**SAK 87 17-19** SFSK HKK referat Haustmøtet 2018

**RAPPORTERING**

**SAK 88 17-19** Rekneskapsrapport pr. 16.11.2018

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 89 17-19** SFSK Handlingsplan 2017-2019  
**SAK 90 17-19** Prosess med ny Handlingsplan 2019-2021  
**SAK 91 17-19** Skikrinstinget 2019  
**SAK 92 17-19** Budsjett 2019  
**SAK 93 17-19** Møteplan 1. halvår 2019  
**SAK 94 17-19** Utedagen 2019  
**SAK 95 17-19** Rekruttering/ fråfall aldersgruppa 6-12 år

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 96 17-19** Sogn og Fjordane-leikane  
**SAK 97 17-19** Høyring framtidig organisering av norsk idrett, ny anleggspolitikk

## EVENTUELT

---

<b>TIL STADES:</b>	Finns Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Per Asbjørn Felde, Oddmund Lefdal, Jan Inge Årdal, Andrea Bell Pedersen (Skistyret) og Ingrid Narum (adm.)
<b>FORFALL:</b>	Henning Sæthre, Tonje Norheim Tangerud, Sjur Håvard Øygard
<b>MERKNADER:</b>	Jan Inge Årdal (nestleiar HKK) møtte i stadenfor Henning Sæthre (leiar HKK)
<b>REFERENT:</b>	Ingrid Narum

---

## REFERATSAKER

- SAK 80 17-19**      **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.
- SAK 81 17-19**      **Godkjenning av protokoll nr. 05 17-19 frå Skikrinsstyret**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå styremøte nr. 05 17-19 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 05 17-19.
- SAK 82 17-19**      **SFSK AK protokoll nr. 05 17-19**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 05 17-19 i alpinkomiteen er vedlagt.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.
- SAK 83 17-19**      **SFSK AK referat Haustmøtet 2018**  
**Bakgrunn**  
Referat frå alpinkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.
- VEDTAK**  
Skikrinsstyret tek referatet til orientering.
- SAK 84 17-19**      **SFSK LK protokoll nr. 04 17-19**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 85 17-19**

**SFSK LK referat Haustmøtet 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå langrennskomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**SAK 86 17-19**

**SFSK HKK protokoll nr. 04 17-19**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte nr. 04 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

**SAK 87 17-19**

**SFSK HKK referat Haustmøtet 2018**

**Bakgrunn**

Referat frå hopp- og kombinertkomiteen sitt Haustmøte er vedlagt.

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.

**RAPPORTERING**

**SAK 88 17-19**

**Rekneskapsrapport pr. 16.11.2018**

**Bakgrunn**

Rekneskap pr. 16.11.2018 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 16.11.2018:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 2 819 152,-	Kr 2 376 745,-	Kr 442 407,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 587 160,-	Kr 439 427,-	Kr 147 733,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 973 355,-	Kr 944 728,-	Kr 28 627,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 54 160,-	Kr 20 261,-	Kr 33 899,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 204 477,-	Kr 972 329,-	Kr 232 148,-	Kr 0,00

**VEDTAK**

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 89 17-19**

**SFSK Handlingsplan 2017-2019**

### **Bakgrunn**

SFSK sin handlingsplan er lagt ved som eige vedlegg.

I samband med møtet skal Skikrinsstyret drøfte skikrinsens sine tiltak, oppdaterte handlingsplan med omsyn til status, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## **SAK 90 17-19**

### **Prosess med ny Handlingsplan 2019-2021**

#### **Bakgrunn**

SFSK sin handlingsplan går fram til Skikrinstringet våren 2019.

Skikrinsstyret diskuterer korleis Handlingsplanen 2017-2019 har fungert og korleis ein ser føre seg at prosessen med ny handlingsplan skal vere.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å revidere noverande handlingsplan.

Greinkomiteane og AU har klart eit framlegg til ny handlingsplan til utgangen av april 2019.

## **SAK 91 17-19**

### **Skikrinstringet 2019**

#### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins skal halde sitt ting innan utgangen av mai 2019. Skikrinsstyret fastsett dato for tinget i møtet.

Vidare diskuterer styret kostnader knytt til Skikrinstringet.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Skikrinstringet 2019 skal heldast laurdag 25. mai 2019 på Skei, Thon Jølster Hotell.

Greinkomiteane legg Vår møtet 2019 til same dag og stad.

## **SAK 92 17-19**

### **Budsjett 2019**

#### **Bakgrunn**

Framlegg til rammer for budsjett for 2019 er lagt ved som eige vedlegg.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2019 balanserar, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 2 963 500,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr. 2 963 500,-.

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavgifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:



- Markedsinntektene til Sogn og Fjordane Skikrins er budsjettert på same nivå som i 2018.
- Markedsavtalane til skikrinsen er reforhandla for budsjettåret 2018, utanom Fjord1 (alpint). Ver merksam på at følgjande markedsavtalar må reforhandlast i 2019 på dagens nivå: SFE (hopp/ langrenn) og Coop Vest SA (alpint/ langrenn).

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 30 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet, integrering, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene, der 88% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 12% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

## **ARBEIDSUTVALET**

### **Styret**

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med ca. kr. 150 000,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte og Haustmøtet 2019). Her er også teke med kostnad for fellestur til VM alpint i Åre.

Det er budsjettert noko mindre for eigne møter, då skikrinsen sitt Vårmøte går inn under budsjett til krinstinget.

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Norges Skiforbund sine Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

### **Krinsting**

Det skal gjennomførast krinsting i 2019 og det er budsjettert med ca. kr. 50 000,- i kostnader, på same nivå som budsjett for 2017.

## **AU – Drift administrasjon**

### **Markedsinntekter**

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2019 er ca. kr. 870 000,- etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

### **Tilskot frå idrettskrins**

Det er budsjettert med kr 100 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2018 syner.

## **Lagskontingent**

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2017 og på same nivå som 2018, og utgjør samla ca. kr. 200 000,-.

### **Momskompensasjon**

Jf. signal frå Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av momskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med kr. 160 000,- (samla for skikrinsen). Dvs. ca. 5% av sum driftskostnader for organisasjonen.

Det er elles verdt å merke seg at momskompensasjonen er fordelt i høve til prosentvis andel budsjetterte driftskostnader for AU og respektive greinkomitear.

### **IT kostnader**

IT kostnadane er budsjettert med kr 35 000,-, same nivå som budsjettet for 2018 viser.

### **Rekrutteringsprosjekt**

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert med sonevise Miljøsamlingar.

Ibhm. Miljøsamlingane er det budsjettert med eit tilskot til tekniske arrangørar i 2019 på tilsaman kr. 15 000,-.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr 10 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltakaravgifter.

### **Funksjonshemma**

Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettert med eit tilskot frå NSF på kr 10 000,- (post 3-midlar).

### **Trenarkurs/ utdanning**

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i om lag balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale samt kjøp av kursmateriell m.m.

### **Ski i skulen**

Ski i Skulen vert vidareført som prosjektet Utedagen 2019 er det m.a. budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserar seg på utviklingsavtale med fylkeskommunen.

På kostnadssida er det budsjettert med opplæring av instruktørar og lærarar, honorar og reise til instruktørar og administrasjon.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

### **Prosjekt Telemark/ Randoneè**

Forventa inntekter på dette prosjektet er kr. 50 000,- , i tråd med tidlegare tilsagn (oppstartsmidlar) frå Skikrinsstyret. Kostnadsartane er usikre, men det er lagt opp til eit rammebudsjett i balanse.

### **ALPINKOMITEEN**

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 001 500,- i driftsinntekter og kr. 1 001 500,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 387 200,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Bilhuset Førde, COOP Vest SA og Sparebanken Vest.

Ver merksam på at samarbeidsavtalen med Fjord1 ikkje er fornya pr. d.d. og at Coop Vest SA må reforhandlast i 2019.

Det er også lagt inn kr 20 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er omlag same nivå som rekneskapstala for 2018 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 446 500,-.

### **NM**

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad, kr 10 000,-. I tillegg er det lagt inn kostnad for overnatting for lagleiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 12 000,-

### **Jr. NM**

Ifbm. Jr. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr 15 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

### **HL**

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 56 000,-.

### **Cup**

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 30 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 35 000,-.

### **FIS-renn**

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 15 000,-.

### **Samlingar/ krinslag**

Samlingane er budsjettert i høve til alpinkingomiteen sitt sportslege opplegg i 2018. Vidare er det budsjettert med innkjøp av nødvendig sportsleg utstyr til komiteen med kr. 20 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 302 500,-.

### **Alpinkomiteen**

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

### **HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN**

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 72 600,- i driftsinntekter og kr. 72 600,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr. 50 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

Ver merksam på at samarbeidsavtalen SFE må reforhandlast i 2019.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 5 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 37 000,-.

### **Jr. NM**

Det er ikkje budsjettert med utøvarar til Jr. NM i 2018 frå Sogn og Fjordane.

### **HL/ «Solan Gundersen»**

Ifbm. Hovudlandsrennet/ «Solan Gundersen» er det budsjettert med kostnader på til saman kr. 13 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 000,-

### **Cup**

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 5 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 8 750,-

### **Rekrutteringsprosjekt i hopp – « Fannemel-effekten»**

Det er budsjettert med rekrutteringsprosjekt i hopp.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 11 250,-. Ev. ressursar knytt til Sommarhoppeskule i Bjørkelibakkane er også knytt til dette prosjektet.

### **Hopp- og kombinertkomiteen**

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

### **LANGRENNSKOMITEEN**

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr. 1 238 000,- i driftsinntekter og kr. 1 238 000,- i driftskostnader.

### **Drift komité**

Det er budsjettert med kr 336 800 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 50 000,- i lisensar/ rennavgifter, tilsvarende nivå som budsjett for 2018.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 453 000,-

### **NM, jr. NM og HL**

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr – 120 000,-

### **Cup/ SSF Cup**

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 35 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 47 500,-

### **FIS-renn**

I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 2 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 4 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr. På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel då aktuelle løparar får vere med på Hordaland sitt fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 140 000,-

### **Krinslag**

På krinslaget er det budsjettert med kr. 330 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), om lag same nivå som rekneskapen for 2018 syner.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 125 000,- i kjøp av klede, kr. 30 000,- i reisekostnader og kr. 195 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 138 000,-.

### **Langrennskomiteen**

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-

### **LSV-huer**

Det er ikkje budsjettert med kjøp og sal av LSV-huer.

### **GENERELL SLUTTKOMMENTAR**

Adm. sitt framlegg til rammer for budsjett må reviderast 1. kvartal 2019.

I tillegg kan det vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2018 til 2019, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når Skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar.

Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2019, når arbeidet med rekneskapen for 2018 er slutført.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret vedtek rammene for budsjettet 2019, og gjer vidare vedtak om at budsjettet skal reviderast 1. kvartal 2019.

## **SAK 93 17-19**

### **Møteplan 1. halvår 2019**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset møteplan 1. halvår 2019.

### **VEDTAK**

Skikrinstinget gjer følgjande vedtak om møteplan 1. halvår 2019;

Måndag 04. februar 2019, Skei/ skypemøte

Måndag 08. april 2019, Skei

Måndag 13. mai 2019, Skei/ skypemøte

## **SAK 94 17-19**

### **Utedagen 2019**

#### **Bakgrunn**

Adm. sjef har, etter vedtak i Skikrinsstyret, søkt Gjensidigestiftelsen og gåvemidlar i Sparebanken Vest til prosjektet Utedagen 2019.

I tillegg har adm. følgd opp Sogn og Fjordane idrettskrins om status på utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Medio november fekk ein tilbakemelding frå fylkeskommunen om at ein støttar prosjektet i 2019 med kr. 100 000,-.

Når det gjeld den øvrige finansieringa av prosjektet har ein ikkje fått svar på søknad pr. d.d.

M.a.o. er det pr. d.d. økonomisk grunnlag for å starte prosjektet, men i noko mindre omfang enn prosjektbeskrivinga.

Prosjektsøknad er lagt ved som eige vedlegg.

Då prosjektet skal implementerast frå starten av 2019 er det eit ynskje frå adm. at ein nyttar ekstern ressursperson til å følgje opp prosjektet.

#### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

- Ein førespør aktuell person som får ansvar for å følgje opp prosjektet
- Adm. lagar til informasjon om Utedagen 2019
- Informasjon sendast grunnskular i Sogn og Fjordane ila. desember 2018

#### **SAK 95 17-19**

#### **Rekruttering/ fråfall aldersgruppa 6-12 år**

##### **Bakgrunn**

Utviklinga i skiidretten viser fallande aktivitetstal også i aldersgruppa 6-12 år. Det viktige rekrutteringsarbeidet skjer lokalt i skigruppene.

AU ynskjer i møtet ein runde på kva greinkomiteane tenkjer rundt rekruttering og fråfall i aldersgruppa 6-12 år i si grein, og korleis skikrinsen kan jobbe med dette opp mot skigruppene.

GK-leiarane orienterar til desse punkta:

1. Status
2. utfordringar
3. Kva tiltak bør skikrinsen/grein jobbe med og evt. kva ynskjer greinkomiteen hjelp til i dette arbeidet?

#### **VEDTAK**

Greinkomite-leiarane orienterte frå si grein i saka og kom m.a. innom følgjande punkt:

Utfordringar:

- rekruttering
- trenar-/ leiarkapasitet i klubb
- kostnad
- ujamn rekruttering (langrenn)
- deltaking på krinsnivå
- anlegg

Tiltak:

- foreldrekurs
- lågterskel arrangement
- sonevise samlingar
- rekrutteringsanlegg/ nærmiljøanlegg

#### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 96 17-19**

#### **Sogn og Fjordane-leikane**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har gjort vedtak om å gjennomføre Sogn og Fjordane-leikane i Sogndal (Hodlekve) 08. desember 2018.

Adm. orienterte om status for Sogn og Fjordane-leikane i møtet.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret gjer vedtak om å utsette Sogn og Fjordane-leikane til januar 2019 pga. snøforholda p.t. Adm. kjem tilbake med dato for arrangementet.

### **SAK 97 17-19**

#### **Høyring framtidig organisering av norsk idrett, ny anleggspolitikk Bakgrunn**

Norges Skiforbund har bedt skikretsane om innspel på høyringsuttale til Norges idrettsforbund si høyring på framtidig organisering av norsk idrett.

Skikrinsstyret har bedt om innspel frå skigruppene og drøfta saka i styret (pr. e-post).

På bakgrunn av innspel og drøfting sender Skikrinsstyret sitt endeleg innspel til NSF innan 30. november 2018. Innspelet vert ettersendt innkalling til styremøte.

Idrettskrinsen har også bedt om innspel på høyringa. Skikrinsstyret sitt innspel vil difor bli sendt både NSF og Idrettskrinsen.

Høyringsdokumentet finn ein på denne lenka:

<https://www.idrettsforbundet.no/siteassets/horing-fremtidig-organisering-av-norsk-idrett.pdf>

I tillegg har Idrettskrinsen bedt om innspel på høyringsuttale til Norges idrettsforbund på ny anleggspolitikk innan 07. desember 2018.

Høyringsdokumentet finn ein på denne lenka:

<https://www.idrettsforbundet.no/globalassets/idrett/1nyheter/sofie/horing-ny-anleggspolitikk.pdf>

Adm. og leiar av anleggsutvalet legg fram framlegg til innspel i møtet.

### **VEDTAK**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)  
Styreleiar

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef



**Vedlegg SAK 100 17-19 SFSK TRK protokoll nr. 01 17-19**

Telemark-/ randoneèkomiteen@

Sakshand.: IN/SHØ

Dato: 14.01.2019

Arkivk.: tk/møter/innkalling/17-19

**PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I TELEMARK-/ RANDONEÈKOMITEEN, 2017-2019**

**Stad:** Skei, Thon Jølster Hotel

**Tidspunkt:** Måndag 14. januar 2019, kl. 18.00-20.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**SAK 01 17-19** Referat frå møte i telemark-/ randoneèutvalet, 30.01.2017

**SAK 02 17-19** Protokoll frå møte i telemark-/ randoneèutvalet, 23.05.2017

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 03 17-19** Handlingsplan 2019-2020

**SAK 04 17-19** Budsjett 2019-2020

**EVENTUELT**

---

**TIL STADES:** Sjur Håvard Øygard, Johan Olai Svidal og Ingrid Narum (adm.).

**FORFALL:** Malene Blikken Haukøy

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Ingrid Narum

---

**REFERATSAKER**

**SAK 01 17-19** Referat frå møte i telemark-/ randoneèutvalet, 30.01.2017

**Bakgrunn**

Referat frå møte 30.01.2017 er vedlagt.

**VEDTAK**

Teke til orientering.

**SAK 02 17-19**

**Protokoll frå møte i telemark-/ randoneèutvalet, 23.05.2017**

**Bakgrunn**

Protokoll frå møte 23.05.2017 er vedlagt.

**VEDTAK**

Teke til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 03 17-19**

**Handlingsplan 2019-2020**

**Bakgrunn**

Utvalet skal starte arbeidet med utvikling av aktivitet-/ handlingsplan for 2019-2020.

Rammer for planarbeidet vert presentert i møtet.

**VEDTAK**

Komiteen har komme fram til nokre tiltak i handlingsplan og diskutert tankar om vidare arbeid i komiteen.

Adm. er representert på Stryn Rando 3000.

**SAK 04 17-19**

**Budsjett 2019-2020**

**Bakgrunn**

Med bakgrunn i handlingsplan for 2019-2020 skal komiteen setje opp rammer for budsjett.

**VEDTAK**

Adm. tek saka vidare til neste møte i Skikrinsstyret.

**EVENTUELT**

**SAK 04 17-19**

**Auke antal komitemedlemar**

Komiteen har ynskje om at komiteen vert utvida til 1-2 medlemar.

**VEDTAK**

For noverande medlemar i komiteen er det naturleg å følge opp randonee.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Sjur Håvard Øygard (s)  
Leiar telemark- og randoneèkomiteen

Ingrid Narum (s)  
Adm. sjef